



Klar for avreise til Norway Cup i dag tidleg kl.08.30. Bussjåfør er Håkon Mehl.

Reisefylgje med fotballspelarar, trenarar og oppmenn frå Uskedalen og Rosendal er vel framme i Oslo og innkvartert på Trosterud skule. Kampane tek til i morgon. Grenda har i den siste avisa ein fin oversikt med bilete over dei samarbeidande laga frå Uskedalen og Rosendal. Heile fem lag er med i Norway Cup i år. I tillegg stiller Rosendal med eit reint gutelag, G 13.

Uskedalen.no var på plass i busslomma ved Uskedal skule i dag tidleg kl. 08.30. Foreldra fekk gutar og jenter på plass med all bagasje, overnattings- og fritidsutstyr. I Rosendal var ein ny buss pluss ein minibuss klar for å få alle ungdomane trygt og godt over fjellet mot Oslo.

Nokre av forelda er med i støttegruppa og har vald å bruka deler av ferien på eit opphald i Oslo. Mange bur på hotell, andre er innkvartert saman med borna sine og det laget ein høyrer til.



Uskedeliningar på fem ulike lag bakerst i bussen.

Laga frå Uskedal/Rosendal er:

- Jenter 14
- Gutar 14
- Jenter 15
- Gutar 15
- Gutar 16

Rosendal stiller som sagt med eit reint lag i Gutar 13.

Bjørn Olav Tveit og Stig Berge Soldal er trenarar for Gutar 14.

Det vert spelt om lag 800 kampar i Norway Cup. Grupperespletet varer frå søndag 28. juli til tysdag 31. juli. Frå onsdag 31. juli til fredag 3. august er det sluttspile. Dei fleste av kampane frå sluttspilet vert synt på TV.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal